

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 22.08. 2013
 Frå: **Administrerende direktør**
 Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 03.06.13 – 20.08.13**

Administrerende direktør si orientering pkt 2

Styresak 087/13 O

Styremøte 03.09. 2013

Oversikt over aktuelle nye lover i perioden 03.06.13 – 20.08.13

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endinga gjeld
Endring i helsepersonellova.	18.06.13	Lov av 14. juni 2013 nr. 39 om endringar i helsepersonellova om utsending av epikrisar og utlevering av teiepliktige opplysingar til bruk i læringsarbeid og kvalitetssikring trer i kraft frå 1. juli 2013. Lova opnar for avgrensa utlevering av opplysingar til helsepersonell som behandlar pasientar i første fase, når det kan gi viktig læring og kvalitetssikring.
Endringslov til lov om pasient- og brukarrettar.	21.06.13	Styrka pasient- og brukarrettar, mellom anna at alle pasientar med rett til helsehjelp skal få frist, vurdering skal gjerast innan 10 dagar og utviding i retten til fritt sjukehusval. Lova tek til å gjelde frå det tidspunkt som blir fastsett av Kongen. Endringa som gjeld utviding av retten til fritt sjukehusval til også å gjelde privat radiologisk institusjon, tek til å gjelde frå 1. januar 2014 (kunngjort 13.08.13).

Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 03.06.13 - 20.08.13

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endinga gjeld
Forskrift om nasjonal kjernejournal	04.06.13	Kjernejournalen vil innehalde oppdatert informasjon om pasienten si legemiddelbruk, allergiar og anna kritisk informasjon som er spesielt viktig for helsepersonell som skal ta i mot ein pasient i ein akutt situasjon. Forskrifta tok til å gjelde frå 31. mai 2013.

**Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden
03.06.13 – 20.08.13**

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Kgl. res. 14.06.13	20.06.13	Med heimel i helsepersonelloven § 51 er Nasjonalt råd for spesialistutdanning av leger og legefording lagt ned med verknad frå 1. juli 2013.
Tilleggsdokument til oppdragsdokumentet for 2013.	28.06.13	<p>Med bakgrunn i Stortingets behandling av Prop. 149 S (2012–2013) har Helse- og omsorgsdepartementet oversendt tilleggsdokument til oppdragsdokumentet for 2013. Dokumentet inneheld omtale av tildeling av midlar på følgjande område:</p> <ul style="list-style-type: none"> - pilotprosjekt felles naudnummer Drammen - forskingsstudie av ipilimumab - investeringar i IKT - prostatasentra - helsetenesta og kommunane sine innføringskostnadar ved naudnett - behandlingshjelpemidlar - assistert befruktning til personar med seksuelt overførbare sjukdomar <p>Dokumentet inneheld også nye føringar relatert til følgjande punkt i oppdragsdokumentet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - pkt. 4.4 system for innføring av nye metodar og ny teknologi - pkt. 4.16 helseberedskap <p>Vidareføring av aktuelle krav til helseføretaka vil bli behandla i eiga sak til styremøte i oktober.</p>